

# Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

## I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristikk

*Etne*

- *Jordbruksbygda Etne*

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

*Inst i botnen av Etnefjorden ligg den sentrale delen av bygda Etne, den ligg rett nedanfor dei markerte terrassane på Grindheim og Stødle. Jordbrukslandskapet er ramma inn av fruktbare lier opp fjella, desse er brotne opp i aust av dalføra Stordalen og Litledalen. Landskapsrommet er vidt og har ein nesten sirkulær form.*

*Etne er ei av dei mest fruktbare bygdene på Vestlandet, bygda har husa landbruk i fleire tusen år og er sær rik på kulturminne. Landskapet er framleis i aktiv drift både som landbruk og ressurs.*

*Landskapet er likevel sær historieforteljande, og gjev ei sterkt oppleveling av lang tids kontinuitet og tidsdjupne.*

*I åssidene og på terrassane ligg det bergkunst med jordbruksristningane, her er og ei stor mengd gravminne, som pregar landskapet. Rike spor etter forhistorisk busetnad er å finne både i åssidene og på terrassane, og ligg sær tett nede på elvesletta. Bygdeborger ligg på markante høgdedrag i kvar ende av bygda og gjev eit omsluttande inntrykk av landskapet som ein historisk viktig stad. Garden til Erling Skakke og den steinbygde mellomalderkyrkja på Støle, viser Etne som eit maktcentrum, som igjen har spelt ein aktiv rolle i nasjonsdanninga i mellomalderen.*

4. Fastsetting av landskapskarakter:

*Landskapet utgjer eit vidt, sirkulært landskapsrom der Etneelva renn ut. Jordbrukslandskapet på elvesletta ligg nedanfor terrassane Grindheim og Stødle, og jamnt stigande åssider femner om landskapsrommet. Den fruktbare bygda Etne er sær rik på kulturminne i marka som synes korleis menneska gjennom historia har utnyttet dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane og i åssidene er svært rike funn av bergkunst og gravhaugar. Spor etter forhistorisk busetnad ligg sær tett på elvesletta. Det er forsvarsanlegg frå eldre jernalder i kvar ende av bygda. Trass i mindre endringar i nyare tid er landskapet i høg grad leseleg.*

5. Nasjonal interesse. Grunngjeving for at området er av nasjonal interesse

*Landskapet er inntrykkssterkt, og har kulturminne knytt til jordbruk som vitnar om stor tidsdjupne og kontinuitet. Landskapet har ein mengde og konsentrasjon av bergkunst, busetnad og gravminne som er høg i nasjonal samanheng, og som på framståande vis er leseleg i landskapet. Landskapet er i nasjonal samanheng særleg historieforteljande.*

## 6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvalting

Sårbarheit og tolegrenser:

*Landskapet er sårbart for masseuttak, og for bebyggelse som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for nybygning og store inngrep, som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda.*

Forvaltning:

*Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.*